

**Laurdag 28. august vert det arrangert flydag på Stord lufthamn, Sørstokken.**

**Flydagen markerar at det snart er 25 år sidan lufthamna offisielt vart opna, opplysar lufthamnsjef, uskedalingen Jan Morten Myklebust til uskedalen.no**

I tida frå kl. 13.00 til 17.00 vil publikum få høve til å sjå fly og helikopter på statisk utstilling.

Det vert også flygeoppvisning av diverse fly og helikopter. Luftforsvaret stiller med sitt fyrste Jet-jagarfly av typen Vampire.

Dakota Norway stiller med sitt veteranfly av typen DC-3. Russian Warbirds of Norway stiller med sittrussiske jagerfly av typen L-29. Frå Sola får Sørstokken besøk av ein Saab Safir. Danish Air Transport stiller med eit fly av typen ATR-42.

Lufttransport deltek med sitt LOS-helikopter. Bergen Fallskjermklubb vil føreta fallskjermhopping. Publikum vil få høve til å delta i tandemhopp.

Det vert høve til å delta på rundflyging med DC-3 samt helikopter.

På flydagen vil det også verta demonstrert flyging med diverse modellfly.

Publikum vil også få høve til å sjå seilfly i aksjon. Stord Flyklubb deltek med samtlege av flya sine.